



## VEDTEKER FOR SAMNANGER UNGDOMSRÅD

### 1) Formål:

Samnanger ungdomsråd skal fremma barn og unge sine interesser og tala deira sak i Samnanger kommune.

### 2) Arbeidsområde:

Ungdomsrådet skal vera eit høyrings- og rådgjevande organ for Samnanger kommune når det gjeld å høyra barn og unge sitt syn i plansaker og i andre sakar som vedkjem barn og unge.

Ungdomsrådet kan også sjølv ta opp saker som dei meiner er viktige for barn og unge i Samnanger.

### 3) Samansetting og val:

- Medlemmane i UR vert valde for 2 år. Kommunestyret fattar vedtak om samansetting i rådet.
- Perioden fylgjer skuleåret. Valet skal skje før sommarferien slik at Ungdomsrådet er operativ frå skulestart. Rådet vert konstituert i første møtet etter ferien.
- Informasjon om valet og korleis ein kan stemma skal distribuerast på best mulig måte til ungdom frå 8. trinn og opp til 20 år.
- Ungdomsrådet skal ha 6 medlemmar og 2 varamedlemmar.
- Elevrådet på ungdomsskulen får ansvar for å koma med forslag på 3 representantar og 1 vararepresentant. 3 representantar med 1 vararepresentant vert valde frå aldersgruppa 16-20 år av kommunestyret. Siste året ein kan stilla til val er det året ein fylgjer 19 år.
- Medlemmane vel sjølv kven som skal vera leira og nestleiar. Kulturkonsulent er sekretær.
- Sekretær har møte-, tale og forslagsrett.
- Ordførar har møterett.

### 4) Arbeidsmåte:

- Samnanger Ungdomsråd skal møtast 3 gongar i halvåret. Møteplan vert sett opp kvart halvår og sett inn i politisk møtekalender for Samnanger kommune.
- Sekretær kallar inn til møta. Møteinnkalling vert normalt sendt med 7 dagars varsel.
- Kommunestyret, formannskap, komitear, råd og administrasjon har ansvar for å melde frå til ungdomsrådet sin sekretær når det kjem sakar av spesiell interesse for barn og unge.
- Møta føregår på ettermiddagen kl 18.00 og varer normalt i 1.5 timar.
- Det skal førast protokoll over sakane som vert behandla. Denne vert sendt ut til alle medlemmar for godkjenning, for så å signerast av møteleiar.
- Rådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stade. Vedtak vert fatta ved alminnelig fleirtal. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme.
- Ungdomsrådet utarbeidar kvart år melding om si verksemd. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyre.
- Kvart år får Ungdomsrådet invitasjon til Ungdommens fylkesting for 2 representantar. Delegatane må etter vedtektene vera mellom 15 og 20 år. I Samnanger er det hovudsakleg leiar og nestleiar som skal representera Ungdomsrådet, men krav til alder kan endra på det.
- Medlemmane får møtegodtgjersle f.t på kr 100,- pr. møte. Kommunestyret regulerar møtegodtgjersla årleg.